

Minikonsert markerte SPAR-opning

11.05.2012



Den store, offisielle opninga av nybutikken skjer ikkje før ved månadsskiftet, men før det vil nybygget sikkert bli opna mange gonger. Første gong var i kveld med ein særdeles eksklusiv minikonsert ved ein av våre lokale trubadurar, kaptein Michael Røsland.

Iført feltuniform serverte han aldrande svsker i ein halv time og opplyste etterpå til uskedalen.no at han gjorde det heilt gratis ettersom dette er eit viktig prosjekt for bygda som han gjerne bidreg til..

På plakaten under den improviserte scena vart det hevda at trubaduren er giftegalen, men dette er ein opplysning av einn slik art at han er belagt med teieplikt. Det er også rykter om at konserten hadde noko med eit utdrikningslag å gjera.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen

